

ARBEIDSGJEVARPOLITIKK OG GRUNNVERDIAR



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Arbeidsgjevarpolitikk og grunnverdiar

FJALER KOMMUNE 2014

INNLEIING

Arbeidsgjevarpolitikk er dei handlingar, haldningar og verdiar som arbeidsgjevar står for og som vert praktiserert og formidla til medarbeidarane kvar dag. Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer arbeidsgjevars konkrete evne til å frigjere den menneskelege energien i organisasjonen. Dette dokumentet skal gje overordna retningslinjer for korleis tilhøvet mellom innbyggjarane, leiarane som arbeidsgjevarrepresentantar og medarbeidarane i kommunen skal vere.

VISJON

Fjaler kommune sin visjon er «Eit ope samfunn»

Fjaler kommune skal vere eit inkluderande samfunn som møter nye innbyggjarar med ei positiv haldning.

ARBEIDSGJEVARANSVAR

Arbeidsgjevaransvaret heng saman med omgrepet styringsrett. Alt mynde i Fjaler kommune ligg til kommunestyret, der dei folkevalde har denne retten som collegium. Denne retten gjev kommunestyret mynde til sjølv å bestemme bruken av økonomiske og menneskelege ressursar i kommunen innan råmane til gjeldande lov- og avtaleverk.

Av praktiske grunner er mykje av myndet delegert til rådmannen, som kommunen sin øvste arbeidsgjevarrepresentant. Der det er hensiktsmessig og mogleg er myndet vidaredelegert.



INNBYGGJARANE

Det er innbyggjarane sine behov som er utgangspunktet for alle oppgåvene ein kommunal tilsett utfører. Fjaler kommune skal innan tenestene som er omfatta av kommunal tenesteproduksjon ha fornøgde pasientar og brukarar, og forståing og respekt for innbyggjarane sine behov skal vere styrande for dine handlingar som medarbeidar.

MÅLSETNADAR

Samfunnet endrar seg i stadig høgre tempo. Vi må ha evne til å endre oss kontinuerlig for å sikre at vi møter nye og eksisterande behov med betre kvalitet og effektivitet, og utviklar nye løysningar i samarbeid med brukarar, innbyggjarar og partnerar.

For å nå desse måla må vi og sikre at Fjaler kommune har god evne til å behalde og utvikle medarbeidarane, og god konkurranseevne i arbeidsmarknaden.



VERDIGRUNNLAG

Fjaler kommune er ein stor organisasjon med stor geografisk avstand mellom einingane. Difor må det vere rom for lokal kultur og identitet. Nokre verdiar skal uansett vere felles. Leiarane i Fjaler kommune har vald å løfte fram fire verdiar som skal kjenneteikne all vår utøving av leiarskap.


Fjaler kommune sitt verdigrunnlag er: Tydeleg, Inkluderande, Målretta og Utviklande

Tydeleg tyder at vi:

- ✓ Gjev klare arbeidsoppgåver og god arbeidsfordeling
- ✓ Gjev klare tilbakemeldingar
- ✓ Er tilgjengeleg
- ✓ Tek avgjersler
- ✓ Tek ansvar

Inkluderande tyder at vi:

- ✓ Byggjer tillit ved å myndiggjere medarbeidarane slik at dei kjenner seg trygge og at dei høyrer til
- ✓ Ser, lytter og støtter
- ✓ Involverer og engasjerer medarbeidarane i prosessar
- ✓ Utviklar gode informasjonsrutinar
- ✓ Utviklar ein organisasjonskultur med humor og open dialog



Målretta tyder at vi:

- ✓ Har klare mål
- ✓ Held fokus og sikrar gjennomføring
- ✓ Konkretiserer og set i verk tiltak
- ✓ Evaluerer og måler effekt

Utviklande tyder at vi:

- ✓ Gjev medarbeidarane utfordringar
- ✓ Har kontinuerlig krav om forbetring
- ✓ Gjev rom for refleksjon og utvikle kompetanse
- ✓ Samhandlar på tvers av sektorane
- ✓ Er positiv og omstillingsdyktig
- ✓ Gjev rom for nytenking og kreativitet

KOMPETANSE

Fjaler kommune skal vere kjenneteikna av ein kultur for læring og forbetring, med brukarane i sentrum.

Med kompetanse meiner vi «de samlede kunnskaper, ferdigheter, evner og holdninger som gjør det mulig å utføre aktuelle funksjoner og oppgaver i tråd med definerte krav og mål» (Linda Lai, 2004). Dette omgrepet har i seg både formell kompetanse, det vil si dokumentert kompetanse, og realkompetanse. Realkompetanse er kunnskap, ferdigheter, evner og haldningar som ikkje er dokumentert gjennom utdanningssystem eller sertifisert på anna måte.

Fjaler kommune skal vere prega av ein positiv samarbeidskultur, der ein har kunnskaps- og erfaringsdeling og nyttar interne og eksterne nettverk aktivt. Vi skal nytte brukarane sine behov som grunnlag for utvikling og nytte systematisk evaluering for å sikre kvalitet i tenestene.

ATTRAKTIVE OG INKLUDERANDE ARBEIDSPlassar

Fjaler kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar med god evne til å rekruttere, utvikle og behalde medarbeidarar. Fjaler kommune er deltakande i avtala med «inkluderande arbeidsliv» (IA), og skal gjennom dette arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre fråfall frå arbeidslivet.

For å oppnå dette skal Fjaler kommune:

- ✓ Jamnleg kartlegge arbeidsmiljøet og nytte funn frå desse til å arbeide med forbetring av arbeidsmiljøet
- ✓ Jamnleg ha medarbeidersamtalar for alle tilsette
- ✓ Ha klåre fordelingar av ansvar og mynde, slik at det er samsvar mellom utfordringar, kompetanse og handlingsrom.
- ✓ Ha ein rekrutteringspolitikk som fremjar inkludering og balanse mellom kjønna
- ✓ Arbeide for likeløn og lik fordeling av ansvar og oppgåver mellom kjønna
- ✓ Legge til rette arbeidskvardagen for å auke nærværet og førebygge sjukdom i alle livets faser
- ✓ Systematisk nytte dei tillitsvalde som ressurs i arbeidsprosessar
- ✓ Ha ein lokal lønspolitikk for å vere attraktiv som arbeidsgjevar
- ✓ Arbeide aktivt for å rekruttere unge arbeidstakarar



ETISKE RETNINGSLINER

Fjaler kommune legg stor vekt på å drive ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette.

Som forvaltarar av samfunnet sine midlar, vert det sett særskilde høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar i si utøving av arbeid for kommunen.

Alle pliktar lojalt å halde dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen. Dette inneber òg at alle er lojale mot administrative og politiske vedtak.

Alle tilsette er Fjaler kommune sine representantar utad. Medarbeidarane skal vere merksame på at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldningar til kommunen. Dei skal difor ta aktivt avstand frå, og kjempe mot ein kvar uetisk forvaltningspraksis.

GOD OG EFFEKTIV DRIFT

Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgivar skal jobbe målretta for å oppnå ein sunn kommuneøkonomi (netto driftsresultat på minimum 2%, driftsreserve på minimum 10 millionar og netto lånegjeld på 40% av netto driftskostnader). Vi skal og vere ein veldreven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde

For å oppnå dette skal Fjaler kommune:

- ✓ Nytte årshjulmetodikk i arbeidet
- ✓ Følgje opp resultatmål basert på politiske vedtak og føringar
- ✓ Ha ei drift i tråd med lover og reglar
- ✓ Ha ein effektiv og målretta ressursbruk
- ✓ Kvalitetssikre og forbetre drift og oppgåveløysing
- ✓ Aktivt utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- ✓ Avvikle oppgåver som er blitt unødvendige
- ✓ Mål- og økonomistyring med tertialrapportering, årsbudsjett, årsmelding og handlingsplanar

